



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

MILJØDIREKTORATET  
Postboks 5672 Torgarden, Norge  
7485 TRONDHEIM

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2021/2806	05.10.2021	2021/26190 - 1936/2022	Kirsti Hjelme Connor,	07.01.2022

## Endringar i forskrift om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål - Foreløpig høyringssvar

Kultur, Næring og Folkehelseutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune fatta i møte av 30.11.2021. følgjande vedtak:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til Miljødirektoratet sitt forslag til forskrift om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål, og støttar konklusjonen om at ei regulert utsetting av utanlandske treslag, inkludert kontroll, er betre enn eit forbod.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til ein overgang frå søknadsplikt til meldeplikt for planting av juletre, med vilkår om at juletrefelta blir rydda etter at salgbare tre er hausta.
3. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til kravet om ei 100 meter ansvarssone rundt plantefelt med utanlandske treslag, men kravet må berre gjelde når det vert gitt løyve til nyplanting, og ikkje bli innført rundt etablerte plantefelt.
4. Møre og Romsdal fylkeskommune ser utfordringar i forvaltninga av ansvarssoner rundt plantefelt av utanlandske treslag, og ber Miljødirektoratet gjere nødvendige avklaringar om kven som har kontrollmynde og kven som har ansvaret der ansvarssona kryssar eigedomsgrenser.

Det er Fylkesutvalet som er høgaste instans for alle høyringar i Møre og Romsdal fylkeskommune. Neste møte i Fylkesutvalet er 31.01.2022. Vedtaket til Fylkesutvalet vert ettersendt så snart dette føreligg.

Med helsing

Hilde Aspås  
Næringssjef

Kirsti Hjelme Connor  
rådgivar - landbruk og  
bygdeutvikling

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*